



Dok. ref.
13/194-4/K1-210//BEH

Dato:
15.02.2013

REGLEMENT FOR ØKONOMIPLAN

1. OVERORDNA RAMMER

- Reglementet er vedteke av kommunestyret med heimel i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar § 44.
- Arbeidet med handlingsprogram med økonomiplan er heimla i:
 - a) Plan- og bygningslovens § 20-1 tredje avsnitt om at kommuneplanen skal ha en kortsiktig del som skal innehalde "samordna handlingsprogram for sektorenes verksemd de næraste årene".
 - b) Kommunelovens § 44 – Økonomiplan – som pålegg kommunane ein gong i året å vedta ein rullerande økonomiplan som skal leggjast til grunn ved kommunen sitt budsjettarbeid og planleggingsverksemd elles. Økonomiplanen skal minst omfatta dei fire neste budsjettåra.
- Reglementet gjeld for folkevalde organ, administrasjonen (derunder eventuelle kommunale føretak etter kommunelova sitt kapittel 11) og styret for interkommunalt samarbeid etter kommunelova sin § 27.
- Reglementet inneheld retningslinjer og fullmakter i tilknytning til økonomiplanarbeidet, og går inn som ein del av økonomireglementet for Øygarden kommune.

2. FORMÅL

- Gjennom økonomiplanen skal kommunen oppfylle dei måla og strategiar som er vedtekne i kommuneplanen sin langsiktige del.
- Kommunen skal ved rullering av økonomiplan vurderer nye prosjekt så vel som dei planar som alt ligg i planen i høve til prioriteringar vedtekne av kommunestyret. Desse prioriteringane skal vera kommuniserte gjennom budsjettvedtak og årsmelding, og til dømes vera kommunen si rolle som samfunnsaktør, nærings- og utviklingsarbeid eller fokus på barn og unge.

3. ARBEIDSFORM OG FRAMDRIFTSPLAN FOR UTARBEIDING AV ØKONOMIPLAN (ELLER HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN)

- 3.1 Handlingsprogram med økonomiplan (i det etterfølgjande kalla økonomiplan) vert utarbeida årleg og omfattar siste årsrekneskap, inneverande års budsjett og dei fire neste budsjettåra.

3.2 Planen skal omfatta planmål og rammetal for investeringar og drift

3.3 Planen skal utarbeidast i første halvår kvart år og vert vedteke av kommunestyret innan utgangen av juni månad. Unntak frå dette er i kommunevalår der økonomiplanen og årsbudsjett skal handsamast parallelt i 2. halvår.

3.4 Vedteken økonomiplan er styrande for kommunen sine interne tilhøve ved utarbeiding av budsjett for planen sitt første år. Ved vesentlege endringar i kommunen sin økonomi bør økonomiplanen leggjast fram til ny handsaming.

3.2 Rådmannen sitt ansvar

Innan utgangen av januar månad kvart år utarbeider rådmann i samråd med ordføraren ein framdriftsplan for arbeidet med økonomiplan, for administrasjonen og politiske organ.

Ved oppstart av økonomiplanarbeidet skal rådmannen utarbeida konsekvensjusterte brutto budsjett for planperioden basert på seinaste vedtekne årsbudsjett med korrigeringar for endelig vedtekne endringar og andre justeringar som skal sjåast på som bundne. Den konsekvensjusterte økonomiplanen vert drøfta på ein konferanse mellom formannskapet, kommunestyrets gruppeleiarar og rådmannen si leiargruppe. Rådmannen utarbeider deretter eit framlegg til økonomiplan.

Rådmannen sitt framlegg skal være spesifisert på respektive område i nettobeløp. Investeringsprosjekt skal framkome enkeltvis under respektive område.

Vidare skal det leggjast fram oversikt over:

- planlagt utvikling i resultatindikatorar av spesiell betydning
- planlagt utvikling i ulike strukturelle ressursar
- planlagde investeringsprosjekt med finansiering og driftsverknad
- utviklinga i rente- og avdragsbelastninga
- utviklinga i langsiktig gjeld
- utviklinga i ulike fondsbeholdningar
- arbeidskapitalen / likviditetsutvikling
- utviklinga i garantiansvar
- tilskot til/frå kommunale/interkommunale verksemder som fører eige rekneskap.

Til dei enkelte løyvingar som kommunestyret vedtek skal det knytast mål og føresetnader. Økonomiplanen skal byggja på kommuneplanen sin langsiktige del, dei føresetnader og økonomiske anslag som går fram av Kommuneøkonomiproposisjonen og Revidert nasjonalbudsjett som vert lagt fram i mai kvart år. Vidare skal det gjerast ei drøfting av den økonomiske handlefridomen dei ulike år i planperioden.

Rådmannen sitt forslag vert lagt fram for komiteane, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet (AMU), tilsette sine organisasjonar, eldrerådet og rådet for funksjonshemma til handsaming i opne møter.

3.3 Formannskapet sitt ansvar

Formannskapet lager innstilling i ope møte til kommunestyret etter handsaming i komiteane og administrasjonsutval.

4. KOMMENTARAR TIL REGLEMENTET

- Budsjettforskrifta sin § 13 omhandlar særreglar i høve til budsjett for interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommunelova.
- Mellom anna skal den økonomiske ramma for samarbeidet si verksemd i året inngå i økonomiplanen til den kommunen/fylkeskommunen der samarbeidet har sitt hovudkontor.
- Styret vedtek sjølv den økonomiske ramma på grunnlag av innstilling frå samarbeidet sin administrasjon.
- Dei deltakande kommunane/fylkeskommunane kan vedta at den økonomiske ramma ikkje er endeleg før ho er godkjent av dei respektive kommunestyra.

5. OMGREP SOM VERT NYTTA I BUDSJETTDOKUMENTET

• Drift

- Alle utgifter som fell på kommunen
- Ved at eit objekt (bygg, anleggsmiddel) vert nytta til sitt formål. Det kan til dømes vera utgifter til energi, reinhald, infrastruktur (Tele/IT), bemanning og leing.
- Gjennom ordinært vedlikehald av investeringsobjektet, til dømes uttrykt gjennom vedlikehaldsplan for eit bygg.
- Gjennom forvaltning av investeringsobjektet, til dømes gjennom utarbeiding av planar for bruk eller endra bruk, rekneskapsførsel, finansiering og avskrivning.

• Investering

- Utgifter til varige driftsmidlar som fast eigedom, bygningar, anlegg, inventar, utstyr, transportmidlar, maskiner mv. som er venta å bli brukt meir enn ein rekneskapsperiode (1 år).
- Innkjøpskostnad må vere på minimum kr 100.000 (total anskaffingskost for investeringsprosjektet i byggeperioden), og ha ei økonomisk levetid på minst 3 år rekna frå kjøpstidspunktet.
- Reglementet gjeld også utgifter til påkost. (jfr. KRS 4 (F): «Avgrensinga mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet»).

• Område

- Den organisering kommunen har vald i høve til fordeling av tenesteoppgåver, som skule, pleie og omsorg, eller stabsfunksjonar.

• Ansvar

- Vidare nedbryting av tenesteoppgåver til einingsnivå, med tilhøyrande ansvar for drift, tenesteleveranse, økonomioppfølging og personalarbeid. Til dømes er Kultur eiga ansvarsstad, det same gjeld kvar av skulane.

• Teneste

- Handterer formålet med bruk av midlar i kommunen, i høve til kommunens kontoplan. Bilete på intern organisering innanfor eit ansvar, som til dømes Undervisning og Skulefritidsordning. Førande for kommunen sin KOSTRA-rapportering.

- **Prosjektnummer**
 - Kostnadsstad, objekt eller prosjekt innanfor drift og investering som skal kunne følgjast opp med eiga prosjektrekneskap. Prosjektnummer er tre- eller firesifra, nye prosjekt skal nummererast i høve til det året dei er vedteke sett i verk.
- **Budsjettvedtak**
 - Vedtak gjort i kommunestyret knytt til forvaltning av kommunen sine finansar for kommande periode, vanlegvis eit år. Gjeld både Drift og Investering.
- **Budsjettendring**
 - Flytting av midlar mellom to budsjettpostar. Kan vera vedteke av kommunestyret (for investeringsprosjekt) eller heimla i bokføringslova.
- **Rebudsjettering**
 - Auke eller reduksjon i eit budsjett som følgje av endra rammevilkår. Dette kan vere forseinkingar eller andre tilhøve i eit investeringsprosjekt som gjer det dyrare, eller endring i bemanning i ei eining av ulike årsakar. For at rebudsjettering skal finna stad, må det gjerast vedtak i kommunestyret. Vedtaket skal innehalda grunn til rebudsjettering og kjelde for finansiering.
- **Post**
 - Budsjettvedtak som vert gjort bindande for til dømes kvar einskild eining, og som vert styrande for korleis midlane vert nytta. For investeringsprosjekt vil vedtak på kvar post gjere det naudsynt å gå til kommunestyret for å få endra den innbyrdes fordelinga mellom prosjekta.
- **Ramme**
 - Samla vedtak om investeringsramme, der ein gjev føringar på totalutgift og ikkje på utgift for einskilte prosjekter. Fordeling per prosjekt kan delegerast av kommunestyret til underordna organ. Vedtak om omfordeling kan difor også skje i same organ som har stått for fordelinga.
 - Måling av driftseiningar på botnlinje, ikkje på kvar gruppe av utgiftspostar. Gjev einingane løyve til å omfordela internt, til dømes mellom løn og anna drift.

Vedteke av Øygarden kommunestyre 13.02.13 – Sak 008/13